

Saksbehandlar: Jo-Andreas Lunde Meisfjordskar, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 16/8843-5

Val av styremedlem til Sogn og Fjordane Fondet AS

Fylkesdirektøren for næring og kultur rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

Fylkeskommunen sitt styremedlem i Sogn og Fjordane Fondet AS vert Jan Heggheim.

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn

Sogn og Fjordane fylkeskommune har vore med å stifte Sogn og Fjordane Fondet AS. Fondet er eit pre-såkorn fond og det skal veljast ein representant for fylkeskommunen til styret. I samsvar med delegeringsreglementet punkt 4.1 er det hovudutval for næring og kultur som kan peike ut styremedlem.

Nærare om saka

Fylkeskommunen har i samarbeid med Sparebanken Sogn og Fjordane og Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane gått saman om å stifte Sogn og Fjordane Fondet AS. Saka vart vedteka i Fylkesutvalet en 23.november og ligg i fu-sak 121/2016. No skal det utpeikast ein representant frå fylkeskommunen til styret i fondet. Det skal sitte mellom 3 til 7 medleamar i styret.

Dette fondet har som føremål å drive eigenkapitalinvestering i bedrifter i Sogn og Fjordane med hovudvekt på bedrifter under skiping og/eller i ein tidlig utviklingsfase. Selskapet skal stimulere og styrke framvekst av idear frå forskning, næringsliv og gründerar gjennom tilførsel av tidlegfasekapital og kompetanse til oppstartsbedrifter i Sogn og Fjordane.

Det er ikkje spesifisert i vedtektene til fondet kor lang perioden til deltakarane i styret kjem til å vere. Det blir derfor lagt opp til at ei utnemning i hovudutvalet kjem til å vere for ein periode på to år, som er standard tjenestetid for styremedlem i aksjelova.

Vurdering

Eigarmeldinga til fylkeskommunen legg til rette for at representantane som skal sitte i styret «medverke til at styret som kollegium skal representere god nok breidde og relevant kompetanse for selskapet. Det kan difor vere aktuelt å velje styremedlem utan fylkeskommunal forankring». For dette fondet vil det vere mest hensiktsmessig at eit styremedlem kjenner godt til planane og arbeidet som fylkeskommunen driv innanfor næringsutvikling. Dette er operativt arbeid som i

periodar vil krevje fleire styremøte og ein del meir forarbeid enn det ein kan rekne med i ein del andre styre som fylkeskommunen er inne i.

Ettersom formålet til fondet er å utvikle næringslivet i Sogn og Fjordane vil det vere ynskjeleg at styret har god innsikt i næringslivet i Sogn og Fjordane, samtidig som ein kjenner godt til planar og arbeidet innan næringsutvikling hos Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Det vil difor vere mest hensiktsmessig å velje eit styremedlem frå fylkeskommunen si nærings- og kulturavdeling. Dette vil også sikre ei god kopling mellom fondet sine investeringar og fylkeskommunen sin øvrige næringsinnsats.

Tilråding

Det vert lagt til grunn at Jan Heggheim vert fylkeskommunen sitt styremedlem i Sogn og Fjordane Fondet as.